



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Erling Hodneland - 55516355

Vår referanse:  
2015/001577-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.02.2015

### Dekkeprogram for fylkesvegane i Hordaland 2015

I samband med Fylkestinget si handsaming av sak 75/2014 Årsbudsjettet 2015/økonomiplan 2015-2018 vart det vedteke følgjande merknad til driftsbudsjettet:

*På bakgrunn av den utfordrende situasjonen for fylkesveiene mht. vedlikehold og dekkelegging, bud-sjetteres det med 60 mill. i ekstra dekkelegging i 2015. Fylkesutvalget/SAMU får fremlagt oversikt over planlagt dekkelegging i 2015 så snart dette er klart iht. ny budsjetttramme på totalt 100 mill. til tiltaket i 2015.*

I Hordaland er det ca. 2900 km fylkesveg. Langs fylkesvegane er det i tillegg 204,6 km med gang- og sykkelveg. Standarden og trafikken på vegnettet varierer mykje frå høgtrafikkerte vegar i Bergensområdet til lågtrafikkerte vegar i distrikta. Alle vegane har asfalt.

Behovet for dekkelegging på fylkesvegane er stort, jfr m.a. rapporten for forfallet på fylkesvegnettet.

#### Metode for prioritering av dekkelegginga

På bakgrunn av faglege vurdering av standarden på fylkesvegnettet og tildelte midlar, vert det sett opp ei liste over kva strekningar som skal asfalterast. Vi prøver å sjå heile fylkesvegnettet i samanheng og legge asfalt på lenger strekningar og ikkje berre små korte strekk. Ved utarbeiding av kontraktsgrunnlaget vert det og teke omsyn til geografisk fordeling av strekningane.

For høgtrafikkerte vegar – både Europavegar, riksvegar og fylkesvegar – med årsdøgntrafikk over 3000 er det måling av djupne i vegspora, jamnheit, tverrfall og årsdøgntrafikk som er hovudkriteria for val av strekningar som det skal leggest asfalt på.

For lågtrafikkerte fylkesvegar er det generell fagleg vurdering av standard på vegdekke som alder, spordeformasjonar, jamnheit, sprekker i vegdekke, setningar, steinslipp og hol/lapping. I tillegg kjem trafikktryggleik og innspel frå fagfolka i Staten vegvesen som følgjer opp driftsavtalene, driftsentreprenørane og brukarane av vegen.

#### Kor mykje dekkelegging vert det i 2015?

Kostnadane med å legge asfalt varierer med vegbredde og talet på køyretøy på strekninga. På høgt trafikkerte vegar er kostnaden høgare enn lågtrafikkerte vegar.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Dersom budsjettet til dekkelegging hadde vore på 40 mill.kr hadde det ikkje vore økonomisk rom for dekkelegging på lågtrafikkerte vegar, med unntak av der vegen er heilt nedsliten. Statens vegvesen sine berekningar viser at vi ville få lagt ca 63 km med denne summen. Når løyvinga no er auka med 60 mill.kr til 100 mill.kr viser berekningane at vi kan få lagt ca 128 km i tillegg med nytt dekke, dvs. til saman ca. 191 km. Dette svarar til ca 6,5 % av fylkesvegnettet. I samband med dekkelegginga vert dårlege fortau og gang- og sykkelveggar som ligg inntil vegen og rusta opp. Dersom løyvinga er på dette nivået framover, vil det i gjennomsnitt ta vel 15 år før det vert ny asfaltering på vegen.

Vedlagt følgjer ei liste over vegar som vi reknar med kan asfalterast innanfor den økonomiske ramma vi har fått tildelt. Det er sett opp ei kolonne som viser kva strekningar som vert prioritert innfor ramma av 40 mill.kr og ei kolonne som viser kva strekningar som kjem i tillegg med ekstraløyvinga på 60 mill.kr. som fylkestinget løyvde i desember 2014.

### Konkurranse i markedet?

Statens vegvesen Region vest følgjer regelverket for offentleg innkjøp. I tillegg har vi kvalitetssikring av anboda før dei vert lyst ut og det er eige anbodsnemnd som kvalitetssikrar at regelverket og krava i innleverte anboda er oppfylt. Entreprenøren med lågaste tilbud får arbeidet under føresetnader at dei oppfyller krava i konkurransegrunnlaget.

Statens vegvesen har tidlegare i år hatt ei samla lysing med fleire pakkar for dekkelegging av riksveggar over heile landet. Det har vore ulikt tal tilbydarar for dei ulike pakkane. For sentrale austlandsstrok har det vore opp til fem tilbydarar, medan det i einskilde område berre har vore to. I eit område i Nord-Noreg (Tromsø) var det berre ein tilbydar. I Hordaland er det to pakkar; rv 7 på strekninga over Hardangervidda til Brimnes var det tre tilbydarar og E39 Bergen – Os var det to tilbydarar.

Heilt fram til utlysinga av konkurransegrunnlaget er dekkeprogrammet for fylkesvegane i Hordaland justert, slik at dei dårlegaste strekningane er med. I samsvar med Rammeavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen Region vest, vart dekkelegginga i Hordaland lyst ut i Doffin 19. februar 2015. I denne utlysinga er dekkelegging m.a. i Sogn og Fjordane og Rogaland med.

I konkurransegrunnlaget er dekkelegginga i Hordaland delt opp i fem tilbudspakkar. Pakkene omfattar følgjande kommunar/område:

- Austevoll, Sotra, Askøy, Nordhordland og Osterøy
- Fylkesveger i Sunnhordland
- Fylkesveger i Voss og Hardanger
- Bergen, Fjell, Askøy og Lindås
- Bergen og Os

Dette inneber at vi kan få ulike tilbydarar på dei einskilde pakkane. Innleveringsfristen er sett til 19. mars. Vi rekar med signering av kontaktane i april 2015.

Arbeidet med dekkelegging vil truleg starte i slutten av april og kan hande fram til november, men hovudtyngda av arbeidet vert gjort i løpet av sommarmånadane.

Vegavd Hordaland  
Med helsing

  
Olav Finne  
Avdelingsdirektør

  
Erling Hodneland

Vedlegg: dekkeprogrammet for fylkesvegane i Hordaland 2015